

I denne delen møter du to forfattarar og deira arbeid med elevar. Den eine forfattaren, Terje Torkildsen, får respons frå elevar på sitt eige ungdomsbokprosjekt. Den andre forfattaren, Gro Dahle, let elevane leika med språklege uttrykksmåtar som samanlikningar og besjelingar. Men først og fremst utfordrar ho elevane til å oppdaga og nyansera det leikande i språket på ein morosam måte.

## Å skriva roman med ungdomskuleelevar – eit norskdidaktisk "kinderegg".

---

Av Terje Torkildsen og Anne Marthe Lindheim

**Er det mogleg å laga eit undervisingopplegg som både gjev leselyst, utviklar elevane sine evner til kritisk lesing og samtidig gjev eit positivt møte med nynorsk språk og litteratur? Det er tre store og viktige element i norskfaget på ein gong. Det kan vel ikkje vera mogleg? Ved St. Swithun ungdomsskule i Stavanger gjennomførte 10. trinn i skuleåret 2005/06 eit samskrivingsprosjekt med forfattaren "Neratta Fraf", som resulterte i dette norskdidaktiske "kinderegget", og med ungdomsromanen "Marki Marko" som resultat.**

### FRÅ IDÉ TIL SUKSESS

Ideen til denne metoden dukka opp då læraren spurde forfattaren om han ikkje kunne skriva ein nynorsk ungdomsroman til bruk i undervisninga. Forfattaren var skeptisk. Ungdomsromanar hadde han aldri tenkt på å skriva. Kva var no eigentleg ein ungdomsroman og korleis skulle han vita kva ungdommane likte å lesa? Svaret på spørsmålet var innlysande: ved å la ungdommane sjølv gje tilbakemelding på teksten etter kvart som forfattaren skreiv. Samskrivingsprosjektet blei sett i gang hausten 2005 med støtte frå Den kulturelle skulesekken i Stavanger kommune. Det var elevane på 10. trinn ved St. Swithun ungdomsskule som fekk vera med på forsøket, og forfattaren var anonym og skreiv til dei under pseudonymet og anagrammet "Neratta Fraf". Det var viktig å halda forfattaridentiteten skjult fordi elevane då ikkje ville styra tilbakemeldingane sine ut ifrå kven som skreiv til dei. Dette gjorde også prosjektet meir spennande fordi lesinga då også

blei ei forfattarjakt der den sanne identiteten til forfattaren gradvis blei avdekkja gjennom prosessen, ved hjelp av spørsmål som: Kor kjem eg frå? Kor gamal er eg? Er eg mann eller kvinne? Elevane fekk utdelt teksten i bolkar på 3-4 kapittel som dei las som stillelesing på skulen. Etterpå diskuterte dei teksten og spørsmåla i grupper, og leverte så tilbakemelding til forfattaren direkte på e-post. Vegen og teksten blei til medan me gjekk. Prosjektet nådde sitt klimaks då forfattaren blei avduka, med pressa til stades, framføre alle elevane, midt i februar 2006. Elevane hadde då klart å sirkla inn forfattaren, men ingen visste kven "Neratta Fraf" eigentleg var før læraren trakk av han plastposen han hadde over hovudet.

### RESPONS OG RESULTAT

Det tok litt tid før elevane heilt skjønte kva dei var med på, og tilbakemeldingane var i starten ganske "skulske", og prega av at mange trudde det var læraren som skreiv til dei: "Vi veit det er du som skriv til oss Anne Marthe!". Det var først etter andre og tredje sendinga at tilbakemeldingane blei ærlege og meir kritiske: "Du skriv alt for mykke om hus og arkitektur og sånn". Dette gjorde at forfattaren måtte endra ein del på historia og stilten. Det var tydeleg at maleriske skildringar av landskap og arkitektur blei oppfatta som kjedelege, medan sex-skildringar, forelsking og grovt ungdommeleg språk blei godt motteke: "Det var bra skrive, men det høyrest ut som ein ungdom som har skrive." "Bra sex, gjerne meir av det. Du bør ikkje satsa på å bli forfattar, men kanskje skrive erotiske noveller for "Lek"? Kødda!" Dette var



veldig nyttige tilbakemeldingar for forfattaren, og boka fann på dette punktet i prosessen forma si. Det faktum at forfattaren endra på teksten med bakgrunn i tilbakemeldingane frå elevane, gav også elevane ei kjensle av å bli høyrde, og dette auka interessa for prosjektet hos elevane: "Boka heng greitt saman, men nokre gonger er det altfor mykje som skjer på for kort tid og nokre gonger er det omvendt." "Det var bra at du fekk fram sorga til Marco i desse kapitla." "Det er bra at du hører på responsen vår." Forfattaren bestemte seg allereie før skrivinga starta for at dette skulle vera ein roman for ungdom og om ungdom. Handlinga er samtidig og hovudpersonane er like gamle som 10. klassingane. Dette gjer det enklare for målgruppa å identifisera seg med karakterane i boka. Det viste seg også å vera viktig at hovudpersonane var positive førebilete som elevane kunne lika å samanlikna seg med. "Eg identifiserte meg med dei hyggelege hovudpersonane. Når me for fyrste gong møtte den kjekke jenta Madeleine skulle eg nesten ønskja eg vart Marco". Hovudpersonane er vakre og populære, men har samtidig skuggesider som gjer dei sårbare og menneskelege.

Elevane gav også tidleg uttrykk for at det ikkje

var naudsynt å dvela for mykje med ting som ikkje hadde med handlinga og hovudpersonane å gjera: "Eg tykkjer denne historia byrja litt kjedeleg fordi det vart litt for mykje skildringar og inga handling. Etterkvart vart det meir handling i boka og difor vart den og mykje betre." Romanen har difor fått ei enkel oppbygging der det meste spinn rundt hovudhandlinga, som er ei slags moderne oskeladdhistorie. Hendingane er fortalte i eit høgt tempo, og det er ikkje brukt mykje tid på skildringar av relasjonar og kjensler. Forfattaren trudde innleiingsvis at ungdommane ville lika å få informasjon om historie og natur, men tilbakemeldingane viste at det ikkje burde vera for mykje av den slags. Til gjengjeld blei det positivt motteke når det dukka opp komiske situasjonar, og læraren kunne ved fleire høve melda til forfattaren at elevane sat og lo medan dei las. Utover i prosessen opplevde både forfattaren og læraren at tilbakemeldingane blei stadig meir positive, og elevane dreiv etter kvart sjølv prosessen framover ved å lesa kapitla dei fekk tilsende, raskare enn forfattaren klarte å skriva nye. Det var eit høgdepunkt i klassane kvar gong nye kapittel kom.

Det var viktig både for forfattaren og læraren at boka skulle skrivast på nynorsk, og at ein skulle

prøva å fengsla dei som elles neppe ville lesa ein roman på nynorsk. Dette blei oppnådd. Elevane tykte etter kvart det var heilt naturleg å lesa nynorsk, og ein dag under stillelesinga ropte ein av gutane: "Hei, dette kapitlet er på nynorsk. Har det vore det heile tida?". Mange lærarar opplever at det er vanskeleg å fengja bokmåls-elevane si interesse for nynorsk, og mange elevar har eit veldig negativt forhold til nynorsk. Den kanskje mest eintydige erfaringa med dette samskrivingsprosjektet er då også at det har gjeve desse bokmålselevane eit mykje meir positivt forhold til nynorsk.

### EIN SUKSESS SOM KAN GJENTAKAST?

Akkurat dette samskrivingsprosjektet kan ikkje gjerast om att, men det går an å bruka same metoden om igjen, og det vil truleg gje mange av dei same resultata. Det går an å bruka ein etablert forfattar, eller det går an at ein lærar sjølv skriv til elevane. Det går an å skriva saman med ein annan skule, og det går kanskje til og med an at ein skrivefør elev skriv til medelevane

sine. Det er ein ganske stor jobb å skriva ein heil roman, men det går naturlegvis an å skriva korttekstar og noveller i staden. Resultata frå skrivinga til Neratta Frof og responsen frå elevane er uansett så gode at det er verd å gjenta forsøket.

Ein skulle kanskje tru at ein slik skriveprosess, der ein i så stor grad tok omsyn til elevane sine preferansar, ville gå ut over dei litterære kvalitetane til sluttproduktet, men det er lite som tyder på det, snarare tvert imot.

Ungdomsromanen Marki Marko toler å bli lesen om att av andre ungdomskulelevar, og boka er også interessant lesnad for vaksne som lurer på kva ungdom eigentleg liker å lesa.

Så konklusjonen vår er at det er mogleg å laga eit undervisningsopplegg som både gjev leselyst, utviklar elevane sine evner til kritisk lesing og samtidig gjev eit positivt møte med nynorsk språk og litteratur. Dette norskdidaktiske "kinderegget" er verd å opne.



Plutseleg ser han ei rørsle. Det kjem eit menneske mot han. Det er ei kvinne og ho er naken. Marco trur han ser syner og det er ikkje så lett å sjå klart heller der han ligg delvis nedgraven i gamalt bøkelauv. Kvinnna hopper opp på ei stor tue mellom to bøkestammar og lener ryggen mot det eine treet medan ho tek eit djupt drag av sigaretten og bles den blålege røyken opp mot trekronene.

(utdrag)

Teringkast seks fordi det var spennende og romantisk, noe som i hvert fall jeg liker. Og der var ganske mye triste ting vi får vite om Marco og de rundt ham, men at det ordner seg for dem gjør et stort pluss! Bra fortalt! Det blir/er en bra bok.

(Jente)

Jeg likte boka di godt jeg, men den var litt kjedelig til tider, det eneste som ble spennende var de gangene du beskrev når de hadde sex, men det skal mye til for at jeg liker bøker,...

(Gut)

#### DEI FIRE FASANE I PROSJEKTET

##### 1. fase: Oppvarming

Elevane blir kjende med oppgåva si som lesarar og kritikarar.

##### 2. fase: Skulelesing

Elevane les dei tilsende kapitla og gjev tilbakemelding på spørsmål.

##### 3. fase: Engasjement

Elevane merkar at dei kan påverka historia med tilbakemeldingane sine og dei kjem stadig nærmare i å avsløra forfattaren sin identitet.

##### 4. fase: Klimaks

Elevane les det siste kapittelet og forfattaren avslører seg sjølv.

Somme tider følte Marco at folk såg rart på han og då hende det at han måtte sjå seg sjølv i spegelen for å forsikra seg om at han ikkje hadde saus rundt munnen eller ei stor kvise i panna, eller noko. Han hadde naturlegvis aldri det og denne stirringa forblei eit mysterium for han. Han skjønte ikkje kva det var folk glodde på og han brukte mykje tid og krefter på å finna ut kva som var gale med fjeset hans, men han fann ingenting. Og her låg òg svaret som han leitte etter. Det var ingenting i vegen med fjeset hans. Det var tvert imot perfekt. Marco Morris hadde nemleg dei siste par åra vakse opp til å bli ein usedvanleg vakker og velskapt ung mann. Viiss du spurte kvinnene i Moulindam kven som var den vakraste mannen i landsbyen, ville dei utan å nøla seia Marco Morris...

(utdrag)

Eg synes du var snill når du lytta til e-posten vår.

Der sto det: Ha en mer actionfyldig slutt.

Begynnelsen var kjedelig, men til tider fin også, og ikke minst nødvendig. Det vart mer og mer interessant og til slutt klarte eg ikkje stoppe å lesa.

(Gut)